



DET KONGELEGE  
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/3441-6

10.06.14

## Høyringsbrev – endring av ordninga med undervisningskvotar - lærlingkvote

### 1. Innleiing


Formålet med undervisningskvotar ("skulekvotar") er å styrkje den fiskerifaglege undervisninga innanfor fiske og fangst i vidaregåande skule, ved å gje elevane eit innblikk i praktisk fiske. Undervisningskvotar har vore tildelt vidaregåande skular under føresetnad av at elevane deltek i fisket. Enkelte av skulane har eigne undervisningsfartøy, medan andre har gjort avtalar med kommersielle fiskefartøy. Ved tildeling av kvotane blir det ikkje sett skilje mellom skular med eller utan eigne fartøy, fordi kvotane ikkje blir tildelte for å finansiere fartøydrift eller undervisning i og for seg.

I dette høyringsbrevet foreslår departementet endringar i undervisningskvotane ved også å innføre ei lærlingkvote. Målet er å gjere rekrutteringa til fiskerinæringa betre, og sikre at sjømatnæringa trekkjer til seg den kompetansen og erfaringa det er behov for.

For elevar i vidaregåande skule har mangel på lærlingplassar vore eit problem når elevane skal ut i praksis om bord på fiskefartøy. Departementet vil difor vurdere om det er mogleg å få til ei ordning med øyremerka lærlingkvote som er knytt til elevar som skal ha slik praksis. Ved at kvoten i større grad blir knytt til den enkelte eleven, kan det bli meir attraktivt for fiskefartøy å ta lærlingar om bord.

**Høyringsfristen er sett til fredag 18. juli 2014**


## 2. Gjeldande rett

Havressurslova § 13 første ledd bokstav d) slår fast at fiskeristyresmaktene kan tildele undervisningskvotar til **offentleg godkjende undervisningsinstitusjonar** for å gjennomføre praktisk undervisning og opplæring i fiske. 

Vidare fastslår § 11 første ledd at alle kvotetildelingar, også undervisningskvotar, må inngå i ein eventuell totalkvote. Når det er fastsett ein nasjonal kvote for eit fiskeslag/ein bestand, kan det ikkje tildelast kvantum ut over dette.

Nærings- og fiskeridepartementet fastset dei årlege rammene for undervisningskvotar, etter vurdering og tilråding frå Fiskeridirektoratet. I 2010 fekk fylkeskommunane kompetanse til å behandle og gjere vedtak om tildeling av undervisningskvote til den enkelte skulen. Fordelingsnøkkel og instruks for tildeling av undervisningskvotar er utarbeidd av Fiskeridirektoratet sentralt. Fiskeridirektoratet sentralt er også klageinstans.

## 3. Bakgrunn for forslaget

Når elevane skal ut i praksis etter to års vidaregåande skulegang, har det vist seg å vere vanskeleg å få lærlingplass i enkelte delar av landet. Departementet vurderer det difor slik at ei tilpassing av ordninga med undervisningskvotar, der det også kan knytast slike kvotar til fartøy som tek om bord lærlingar, kan medverke til at fleire **fartøyeigarar ønskjer å ha med lærlingar om bord.** 

Dagens ordning med undervisningskvotar ser ut til å ha brei støtte fordi dei er viktige for å rekruttere ungdommar til fiskaryrket. Men sjølv om ordninga har fått ei form som dei fleste aktuelle skulane er nøgde med, har fleire peika på at det vil vere positivt om undervisningskvotar i større grad kan knytast opp mot den enkelte eleven.


Undervisningskvotane har variert litt for dei ulike fiskeslaga frå år til år, men nivået har vore nokså stabilt. For skuleåret 2014/2015 er følgjande kvantum sett av til undervisningskvoteordninga:


### Botnfisk:

150 tonn torsk  
100 tonn hyse  
50 tonn sei

### Pelagisk fisk:

500 tonn norsk vårgytande sild  
700 tonn makrell  
400 tonn nordsjøsild  
400 tonn lodde

Dersom ordninga med undervisningskvotar blir utvida som skissert ovanfor, må det vurderast om dette kan skje innanfor den etablerte ramma, eller om nivået på undervisningskvotane **samla sett skal aukast.** Tildelinga for skuleåret 2014/2015 vart fastsett i desember 2013. Det kan likevel tildelast kv  for skuleåret 2014/2015 som vert utløyst frå 1. januar 2015, det vil seie til andre semester. Undervisningskvotane for skuleåret 2015/2016 vil bli tildelte i desember 2014, og behovet må då vurderast i lys av ei eventuell utvida ordning.

Dersom det blir innført lærlingkvotar, er det **fylkeskommunen ved opplæringskontoret** som er ansvarleg for eleven. Det inneber at fylkeskommunen i samarbeid med eleven må inngå  lærlingkontrakt med reiarlaget. Basert på dette kan det setjast vilkår for kvotar om at dei må

fiskast av eit bestemt fartøy der ein bestemt elev er lærling. Det må truleg fastsetjast forskrift eller retningslinjer som sikrar kontroll med at **lærlingane faktisk er om bord under fisket.**

Når det gjelder godkjenning av læretid på båter **u/15 meter er det avklart at det ikkje ligg nokon begrensningar i sertifikatkrava som medfører begrensningar for elevar som utdannar seg innan fiske og fangst, og dette er derfor ikkje omtalt vidare her.**

#### 4. Omfang av ordninga

Nedanfor er sett opp ei matrise for å prøve å illustrere eit tenkt omfang av ordninga. Det er tatt utgangspunkt i dei fiskeslaga som er i den eksisterande undervisningskvoteordninga. Vidare er det tatt utgangspunkt i ein fast verdi på kr 30 000 for ei lærlingkvote. Denne verdien er delt på ein tenkt pris for å illustrere kva dette kan utgjere i kvote for kvar einskild slik lærling.

Prisane som matrisa er sett opp etter nyttar Norges Råfisklag sine minsteprisar for torsk og hyse levert rund, til alle typar (i snitt). Når det gjeld dei pelagiske fiskeslaga er prisane rekna ut frå snittprisane for 2013 som er oppgitt på Sildelaget sine nettsider.

Fiskeslag	Verdi	Pris	Kvote i kg.
Torsk	30 000	7,42	4 000
Hyse	30 000	6,19	4 850
Sei	30 000	7,83	3 800
NVG	30 000	5,00	6 000
Makrell	30 000	7,83	3 800
Norsjøsild	30 000	4,02	7 400
Lodde	30 000	2,17	13 800

Etter det departementet erfarer, er det i storleiken 130-150 lærlingar kvart år i fiskeria, og det er difor tatt utgangspunkt i at det vert gjeve 140 lærlingkvotar.

Tanken er at kvar enkelt lærling som får lærlingkvote må velge seg eitt hovudfiskeslag. Matrisa nedanfor er sett opp med kor mange elevar ein tenkjer seg som vil velje dei ulike artane som hovudfiskeslag. Behov for ordningar med tanke på bifangst kan imidlertid gjere det naudsynt å kombinere to eller fleire fiskeslag. På bakgrunn av dette, kan ein sjå føre seg fylgjande behov for å setje av kvote:

Fiskeslag	Antal elevar	Kvote	Behov for avsetjing (i kg)
Torsk	80	4 000	320 000
Hyse	10	4 850	48 500
Sei	0	3 800	0
NVG	20	6 000	120 000
Makrell	30	3 800	114 000
Nordsjøsild	0	7 400	0
Lodde	0	13 800	0

Desse tala syner at dersom det skal gjevast lærlingkvote til alle lærlingar, må kvantumet til undervisningskvotar aukast monaleg.

### 5. Konsekvensar av forslaget

Departementets framlegg er at lærlingkvote vert innført frå hausten 2014, m<sup>lik</sup> lik at lærlingkvoten vert tildelt først etter at lærlingen har vore på fartøy **eitt semester**, det vil seie frå januar 2015. Undervisningskvotane skal hentast frå dei ordinære totalkvotane. Dersom ordninga med undervisningskvotar blir utvida til også å gjelde lærlingkvotar, viser tala ovanfor at det kan bli behov for å auke nivået når det i desember 2014 skal tildelast undervisningskvotar for skuleåret 2015/2016.

### 6. Forslag til endringar

På bakgrunn av det som er sagt ovanfor foreslår Nærings- og fiskeridepartementet at ordninga med undervisningskvotar blir utvida slik at kvotar som blir sett av til undervisningsinstitusjonar også kan fiskast av bestemte fartøy der ein bestemt elev er lærling om bord.

Departementet ber om høyringsinstansane sitt syn på forslaga, oppsummert slik:

- Ordninga med undervisningskvotar blir utvida frå og med skuleåret 2014/2015, slik at undervisningskvotar også kan fiskast av bestemte fartøy som har lærling om bord som ei lærlingkvote.
- Lærlingkvoten vert tildelt først etter at lærlingen har vore på fartøy **eitt semester**, det vil seie frå januar 2015.
- Den samla avsetninga til undervisningskvotane blir vurdert når det i desember 2014 skal tildelast kvantum for andre semester 2014/2015 og skuleåret 2015/2016.
- Ei lærlingkvote skal utgjere ein verdi på **ca. kr. 30 000.**



Med helsing

Elisabeth N. Gabrielsen  
avdelingsdirektør

Lena Brungot  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrevne signaturar*

### Adresseliste

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges Fiskarlag	Postboks 1233 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Pelagisk Forening	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Sametinget	Ávjovárgeaidnu 50	9730	KARASJOK
Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Møre og Romsdal fylkeskommune	Julsundveien 9 Fylkeshuset	6412	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8005	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2 Fylkets hus	7725	STEINKJER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517 Lundsiden	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	boks 639 Sentrum	7406	TRONDHEIM
Nettverk for fiskerifaglig opplæringskontor			